

# Handlingsplan 2017



**Visjon:** Bidra med det du kan!

**Hovedmål:** Samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og frivillige organisasjonar i kommunen utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet.

**Utfordringar:** Hjelmeland har høg andel innvandrarakar spesielt i aldersgruppa 0-40 år. Det er grunn til å tru at ikkje alle barn og ungdom i Hjelmeland deltar jamnleg i fritidsaktivitetar. Hjelmeland ligg litt over landsgjennomsnittet på andel barn frå 0-17 år som lever i låginntektsfamiliar.

## **Delmål:**

### **1. Leggje til rette for å styrkje og fremme frivillige lag og organisasjonar.**

- Arrangere årleg kontaktforum for lag og organisasjonar.
- Oppdatere oversikt og kontaktinformasjon over frivillige lag og organisasjonar.
- Vidareutvikle samarbeid, plukke opp idear frå frivillige lag og gi hjelp til gjennomføring.
- Informasjon og rådgjeving til lag som vil søkje om eksterne tilskot.
- Bidra i kommuneplanarbeidet med å utarbeide ein heilskapleg [lokal frivillighetspolitikk](#). Med bakgrunn i [frivillighetserklæring](#) frå KS og Frivillighet Norge.

### **2. Stimulere til auka deltaking i det frivillige organisasjonslivet for å motverke utanforskap.**

- Vere samarbeidspartnar i folkehelsearbeidet.
- Symjekurs for flyktningar, i samarbeid med Jøsneset helselag med støtte frå Extrastiftelsen.
- Aktiveringstiltak for barn og ungdom spesielt i skuleferiane, i samarbeid med frivillige lag.
- Etablere utstyrssentral dersom det vert tildelt eksterne midlar.
- Etablere sykkelverkstad som ein møteplass med støtte frå Gjensidigestiftelsen.
- Vere samarbeidspartnar i høve til integreringsarbeid for flyktningar: Informasjonsarbeid og tilrettelegging slik at flyktningar kan delta på fritidsaktivitetar og dugnadar. Koordinere den frivillige innsatsen.

### **3. Koordinering og vidareutvikling av frivillig arbeid.**

*Sentralen skal i større grad leggje til rette for at deltakarane får ansvar for å utforme tilboda sjølv slik at fleire i større grad blir aktive deltakarar meir enn passive mottakarar.*

- Årssamling i februar og inspirasjonssamling for frivillige i desember.
- Hjelmelandsven.
- Snakka norsk/ språkkafé på biblioteket.
- Besøkshundekvipasjer i samarbeid med omsorgssentra, tilbud om opplæring av nye.
- ”Glade hjul” på Årdal omsorgssenter kvar måndag.
- Kvardagsven i samarbeid med omsorgssenteret, kyrkja.
- Onsdagskafé på Årdal omsorgssenter januar-april og september-november.
- Samarbeid med Trygg Trafikk, informasjon og forebygging. Markere refleksdagen.
- Den kulturelle spaserstokken i Hjelmeland med støtte frå Rogaland fylkeskommune.
- NRK TV aksjonen i oktober i samarbeid med komité og bygdaråd/frivillige lag.

### **Eksternt samarbeid:**

Hjelmeland Frivilligsentral er medlem i Frivillig Rogaland og Norges Frivilligsentralar. Dagleg leiar er med i nettverksgruppe med Eiganes Tasta, Randaberg, Finnøy og Strand frivilligsentralar.